

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/8910-2

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uabhengigheit 2016 - Deloitte AS

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek vurderinga av oppdragsansvarleg revisor frå Deloitte AS til etterretning.

Vedlegg:

- Brev frå Deloitte AS, datert 11. november 2016 - Vurdering av uabhengigheit

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)
- Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal, i følgje kommunelova § 77, sjå til at fylkeskommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det at kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. I dette mandatet ligg også ein kontroll av revisor sin uabhengigheit overfor den som vert revidert.

I samsvar med forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. (heretter forskrift om revisjon) § 15 skal den som føretek revisjon i fylkeskommunen vurdere sin uabhengigheit. Det står i forskrifta:

«Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uabhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og elles ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uabhengighet til kontrollutvalget»

Kravet til uabhengighet og objektivitet gjeld både revisor og revisor sine medarbeidarar. Kravet om dokumentasjon gjeld berre oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor for forvaltningsrevisjon er Stein Ove Songstad, Deloitte AS.

Kontrollutvalet mottok vurdering av uabhengigheit frå Songstad 11. november 2016.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den mottekne vurderinga av uabhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS inneheld ei vurdering basert på krava om uabhengigheit i kommuneloven § 79 og i forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

Kontrollsjefen er av den oppfatning at vurderinga dekker kravet i forskrift om revisjon § 15 om dokumentasjon av uabhengigheit og at det ikkje er noko i vurderinga som vil svekke tilliten til

revisor i høve til krava til uavhengigheit som er stilt i kommuneloven § 79 og forskrift om revisjon §§ 13 og 14.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta Deloitte si vurdering av oppdragsansvarleg revisor til etterretning.